

St.prp. nr. 18

(2005–2006)

Om endringar på statsbudsjettet for 2005 under diverse kapittel administrerte av Justis- og politidepartementet

*Tilråding fra Justis- og politidepartementet av 25. november 2005,
godkjent i statsråd same dag.
(Regieringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Justis- og politidepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyingane under diverse kapittel i statsbudsjettet for 2005. Endringsforsлага på nokre av dei regelbundne postane er mellom anna baserte på rekneskapstal pr. 30.09.2005. Departementet vil understreke at tala for forbruk på dei regelbundne postane berre er prognosar, og at dei endelege rekneskapstala kan avvike ein del frå desse prognosane.

2 Forslag om endringar

Kap. 410 Tingrettane og lagmannsrettane

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer utgifter som etter rettsgebyrlova er inkludert i rettsgebyret. På bakgrunn av rekneskapstal og pårekna utvikling blir det foreslått å redusere løyvinga under kap. 410, post 21 med 8 mill. kr.

Kap. 414 Domsutgifter

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer i hovudsak godtgiarsle og tapt arbeidsforteneste til mellom anna meddommarar, lagrettemedlemmer, vitner og rettsvitner og reiseutgifter til desse. Utgiftene vil variere med mengda og omfanget av dei straffesakene som blir behandla i domstolane. På bakgrunn av rekneskapstal hittil i år og pårekna utvikling blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 414, post 01 med 20 mill. kr.

Kap. 3410 Rettsgebyr

Post 01 Rettsgebyr

Løyvinga på posten dekkjer inntekter i samband med sivile saker, tinglysing, skjønn, tvangsforretningar, skifte, konkurs m.m. På bakgrunn av rekneskapstal hittil i år og pårekna utvikling blir det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3410, post 01 med 80 mill. kr.

Post 04 Gebyrinntektene til lensmennene

Løyvinga på posten dekkjer gebyra som lensmennene, i eigenskap av namsmenn, krev inn i sam-

Særskilt vedlegg: Erstatning til etterlatne etter omkomne i forliset av «Utvik Senior»

Kap. 410, 414, 430, 440, 450, 466, 470, 471, 3410, 3430, 3440, 3450

band med tvangsførretninga. På bakgrunn av rekneskapstal hittil i år og pårekna utvikling blir det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3410, post 04 med 20 mill. kr.

Sivil rettspleie på grunnplanet i Østfold politidistrikt

Østfold politidistrikt har allereie i 2005 overteke oppgåver med omsyn til den sivile rettspleia på grunnplanet. Oppgåvene skal gebyrfinansierast. Justis- og politidepartementet foreslår at kap. 3410, post 04 vert auka med 2,8 mill. kr., jf. omtale under kap. 440 post 01.

Samla forslag om reduksjon av løyvinga på kap. 3410, post 04 blir etter dette 17,2 mill. kr.

Kap. 430 Kriminalomsorga si sentrale forvaltning

Post 01 Driftsutgifter

Regjeringa foreslår at løyvinga på kap. 430, post 01 blir auka med 10 mill. kr for å dekka kriminalomsorga sine utgifter til deltaking i fleire prosjekt og tiltak saman med andre offentlege etatar, jf. omtale under kap. 3430, post 03.

Post 60 Refusjonar til kommunane, forvaringsdømte o.a.

På bakgrunn av rekneskapstal hittil i år blir det foreslått å redusere løyvinga under posten med 30 mill. kr. Dette er skulda av at færre saker enn venta vert omgjort frå sikring til forvaring, samt at det kommer færre nye saker enn venta.

Post 70 Tilskot

Det har førebels ikkje vore mogeleg å etablere samarbeid mellom kriminalomsorga og samarbeidsorganisasjonen Nytt Liv i tråd med vedtaket i B.innst. S. nr. 4 (2004-2005) og prinsippa for programverksemda i kriminalomsorga. Justis- og politidepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 1 mill. kr.

Kap. 3430 Kriminalomsorga si sentrale forvaltning

Post 03 Andre inntekter

Løyvinga på posten blei i 2005 auka grunna eige-domssal. Det er ikkje mogeleg å gjennomføre ein vesentleg del av salet i år tilsvarande salsinntekter på 14,4 mill. kr.

Kriminalomsorga reknar med å få tilskot og anna økonomisk kompensasjon frå andre offentlege etatar på om lag 10 mill. kr som det ikkje er budsjettert med på posten. Tilskota skal dekkje

kriminalomsorga sine utgifter knytta til deltaking i fleire prosjekt og tiltak. Tilskota blir ført på kap. 3430, post 03, medan utgiftene blir ført på kap. 430, post 01, jf. omtale under kap. 430, post 01.

Regjeringa foreslår at løyvinga på kap. 3430, post 03 blir redusert med 4,4 mill. kr.

Kap. 440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten

Post 01 Driftsutgifter

Flodbølgjekatastrofen i Søraust Asia

Norge og norsk politi har teke eit internasjonalt ansvar i samband med flodbølgjekatastrofen. Oppgåvene som følgje av tsunamien har også endra karakter etter som tida har gått. Dei norske mannskapa har i stor grad koordinert det omfattande identifiseringsarbeidet, og ytter hjelpe til styresmakten i Thailand. Mannskapa våre har mellom anna gjeve hjelpe til andre nasjonar sine identifiseringsteam og arbeidd med handtering av egedelar. Justis- og politidepartementet foreslår at kap. 440, post 01 blir auka med 17,1 mill. kr.

Sivil rettspleie på grunnplanet i Østfold politidistrikt

Ansvaret for den sivile rettspleien på grunnplanet skal frå 01.01.2006 overførast til politi- og lensmannsetaten. Østfold politidistrikt har allereie i 2005 overteke delar av oppgåvene på feltet. Som følgje av dette foreslår Justis- og politidepartementet at kap. 440, post 01 blir auka med 2,8 mill. kr., jf. omtale under kap. 3410, post 04.

Passproduksjon

Talet på utstedte pass har auka i høve til oversлага i samband med RNB 2005. Det er venta 550 000 utstedte pass i 2005. Justis- og politidepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 440, post 01 med 7,3 mill. kr., jf. omtale under kap. 3440 post 01.

Asyl- og utlendingsfeltet

I RNB 2005 blei kap. 440, post 01 redusert med 18,3 mill. kr i samband med at prognosane for talet på asylsøkjarar blei redusert. Prognoseendringa for asylsøkjarar førde også til at politiet sine måltal blei reduserte. Politiet sine utgifter i samband med asyl- og utlendingssaker blir delvis dekka over kap. 440, post 01 og delvis over kap. 440, post 21. Redusjonen på 18,3 mill. kr skulle blitt ført på kap. 440, post 21 og det er såleis naudsynt å justere på fordelinga mellom postane. Justis- og politidepartementet foreslår derfor å auke løyvinga under kap. 440, post 01 med 18,3 mill. kroner, mot ein tilsvarande

reduksjon på kap. 440, post 21, jf. omtale under kap. 440, post 21.

Samla forslag om auke av løyvinga på kap. 440, post 01 blir etter dette 45,5 mill. kr.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Justis- og politidepartementet foreslår å auke løyvinga under kap. 440, post 01 med 18,3 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 440, post 21, jf. omtale under kap. 440, post 01.

Post 22 Søk etter omkomne på havet, i innsjørar og vassdrag

Med bakgrunn i rekneskapstala hittil i år foreslår Justis- og politidepartementet å redusere løyvinga på kap. 440, post 22 med 2 mill. kr.

Kap. 3440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten

Post 01 Gebyr

På bakgrunn av rekneskapstala hittil i år, og venta utvikling for passinntektene foreslår Justis- og politidepartementet å auka løyvinga på kap. 3440, post 01 med 50 mill. kr.

Post 06 Gebyr - utlendingssaker

På bakgrunn av rekneskapstala hittil i år, og venta utvikling for inntektene på søknader om statsborgarskap, opphalds-, arbeids- og busetjingsløyver foreslår Justis- og politidepartementet å redusere løyvinga på kap. 3440, post 06 med 3 mill. kr.

Kap. 450 Sivile vernepliktige

Post 01 Driftsutgifter

I RNB 2005 blei det vedteke å redusere kap. 450, post 01 med 14,4 mill. kr. Reduksjonen i løyvinga skulle dekkast ved førtidsdimittering av mannskap. Mannskapstalet blei då justert ned med 165 mannskap til i underkant av 1 000 mannskapsårsverk.

Som følgje av kostnader i samband med auka dimisjonsgodtgjersle og auka satsar elles til mannskap, har føresetnadane for innsparinga som blei lagt til grunn i RNB ikkje vore mogelig å følgje. Rekneskapstal hittil i år viser at ein vil få meirutgifter på om lag 6 mill. kr ved slutten av året. Justis- og politidepartementet foreslår derfor å auke løyvinga med 6 mill. kr i 2005. Vi viser til at det under kap. 3450, 01 vil bli meirinntekter i 2005 på om lag 13 mill. kr.

Kap. 3450 Sivile vernepliktige

Post 01 Driftsutgifter

Rekneskapstal hittil i år visar at meirinntektene vil bli på om lag 13 mill. kr som følgje av lågere sjukefråver hos mannskapa enn forventa, auka inntekter frå den valdsforebyggjande tenesta. Vidare har talet på dei betalingsfrie årsverka gått ned, mellom anna har ein ikkje lenger mannskap som bur i siviltenesteleiren. Justis- og politidepartementet foreslår derfor at 3 mill. kr av meirinntektene på kap. 3450, post 01 kan nyttast til å dekke meirutgiftene på kap. 450, post 01 tilsvarende, jamfør kap. 450, post 01.

Justis- og politidepartementet foreslår å auke løyvinga på kapittel 3450, post 01 med 13 mill. kr.

Kap. 466 Særskilte straffesaksutgifter m.m.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til advokatar, sakkunnige og tolkar i straffesaker etter straffeprosesslova kapittel 9. Dei totale utgiftene på kapitlet er avhengig av talet på straffesaker, omfanget av sakene og storleiken på den offentlege salårssetsen. Utgiftene på posten er regelbundne.

På bakgrunn av rekneskapstal og pårekna utvikling blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 466, post 01 med 30 mill. kr.

Kap. 470 Fri rettshjelp

Post 70 Fri sakførsel

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til advokatar der det er gitt heil eller delvis fri sakførsel. Utgiftene er regelbundne.

På bakgrunn av rekneskapstal hittil i år og pårekna utvikling blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 470, post 70 med 35 mill. kr.

Post 71 Fritt rettsråd

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til advokatar og rettshjelparar i saker der det er gjeve fritt rettsråd. Utgiftene er regelbundne. På bakgrunn av rekneskapstal hittil i år og pårekna utvikling blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 470, post 71 med 15 mill. kr.

Kap. 471 Staten sitt erstatningsansvar

Post 70 Erstatning til valdsofre

Løyvinga på posten er regelbunden overslagsløyving og dekkjer erstatningar etter voldsofferlova. På bakgrunn av rekneskapstal hittil i år og pårekna utvikling blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 471, post 70 med 25 mill. kr.

Post 71 Erstatningsansvar m.m., overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer utbetalingar som følgje av staten sitt erstatningsansvar på grunnlag av alminnelege erstatningsreglar, med unntak av ansvar i kontraktforhold og ansvar i samband med forretningsdrifta til staten. Løyvinga på posten er regelbunden overslagsløyving. På bakgrunn av rekneskapstal hittil i år og pårekna utvikling blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 471, post 71 med 15 mill. kr.

(Ny) Post 73, *Erstatning til etterlatne etter dei omkomne i forliset av "Utvik Senior", kan overførast* Stortinget gjorde 13.06.2005 vedtak nr. 462 om at det skal etablerast ei særskilt erstatningsordning for etterlatne etter "Utvik Senior" og bad i vedtak nr. 463 Regjeringa oppnemne ei eiga nemnd som får i oppdrag å fastsette erstatningsbeløp og definere kven som skal omfattast av ordninga. Til grunn for vedtaket låg behandling av Innst. S. nr. 242 (2004-2005), St.meld. nr. 33 (2004-2005) Fiskefartøyet "Utvik Seniors" forlis 17.02.1978.

På denne bakgrunn oppnemnde Justis- og politidepartementet i juli 2005 ei nemnd, som avgja si innstilling til departementet i september 2005. Innstillinga blei 05.10.2005 retta til også å inkludere to opphaveleg uteletne søkjavar om erstatning. Nemnda foreslår i innstillinga at dei etterlatne skal få erstatning på til saman 5,2 mill. kr, fordelt på totalt 43 etterlatne med beløp frå 50.000 til 200.000 kr.

Nemnda foreslår vidare at fire av dei etterlatne skal få ei tilleggserstatning på 150.000 kr, og at ein av dei etterlatne skal få ei tilleggserstatning på 200.000 kr. Nemnda si endelege innstilling er vedlagt proposisjonen. I samsvar med vedlagte innstilling frå nemnda foreslår Justis- og politidepartementet at Stortinget løyver 5,2 mill. kr til dei etterlatne etter dei som omkom under "Utvik Senior" sitt forlis.

Løyvinga på post 73 skal dekkje erstatningsutbetalinger til dei etterlatne etter dei som omkom i forliset av "Utvik Senior". I tråd med nemnda si innstilling blir det foreslått å løyve 5,2 mill. kr på kap. 471, post 73 til dette formålet. Av praktiske omsyn blir det foreslått å gje posten stikkordet "kan overførast".

3 Andre saker***Sal av staten sine aksjar i AS Rehabil, Blindes Produkter AS og Industritjeneste AS***

Arbeids- og sosialdepartementet eig 100 pst. av aksjane i attføringsverksemduene AS Rehabil og 44, 4 pst. av aksjane i Blindes Produkter AS. Saman med Justis- og politidepartementet eig òg Arbeids- og sosialdepartementet aksjar i Industritjeneste AS. Justis- og politidepartementet eig 46,1 pst. av aksjane. Arbeids- og sosialdepartementet og Justis- og politidepartementet ynskjer no å avhende sine eigarandelar i desse verksemduene. Salet er årsaka i at det er viktig å ha eit klart skilje mellom dei rollane staten har som eigar, tilsynsmyndighet og sektorpolitiske myndigheter, for å unngå rollekonfliktar. I tillegg til å vere eigar av desse verksemduene, mottek desse tilskot frå Aetat, ein etat underlagt ASD.

Arbeids- og sosialdepartementet og Justis- og politidepartementet ber om at Stortinget samtykker i å selje aksjane i dei nemde verksemduene, jf. eige romertalsvedtak i St.prp. nr. 20 (2005-2006).

Spesialeininga for politisaker

Spesialeininga for politisaker blei oppretta 01.01.2005. Løyvinga på kap. 460, post 01 blei i samband med opprettina auka til 20,793 mill. kr i 2005, mellom anna til dekning av enkelte utgifter for utført arbeid i 2004 av medlemmer av den gamle SEFO-ordninga.

I RNB 2005 blei løyvinga på kap. 460, post 01 auka med 1 mill. kr til dekning av meirutgifter i samband med etablering av elektronisk verktøy for saksbehandling og tilknytning til politiet sine system for saksbehandling.

Utgiftene i 2005 knytta til den gamle SEFO-ordninga viser seg å være høgare enn venta. Samstundes tek det lenger tid enn forventa å etablere elektronisk verktøy for saksbehandling i Spesialeininga og tilknytning til politiet sine system.

Justis- og politidepartementet foreslår derfor at tilleggslovinga på 1 mill. kr som blei vedteke i revisert nasjonalbudsjett 2005 blir nytta til å dekke meirutgifter i 2005 knytta til den gamle SEFO-ordninga. Departementet er kjent med at Spesialeininga har motteke mange ressurskrevjande saker som gjer det utfordrande å få til hurtigare saksbehandling. Justis- og politidepartementet vil følgje utviklinga til Spesialeininga nøye.

Justis- og politidepartementet

til rår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar på statsbudsjettet for 2005 under diverse kapittel administrerte av Justis- og politidepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar på statsbudsjettet for 2005 under diverse kapittel administrerte av Justis- og politidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringar på statsbudsjettet for 2005 under diverse kapittel administrerte av Justis- og politidepartementet

I statsbudsjettet for 2005 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
410	21	Tingrettene og lagmannsrettene (jf. kap. 3410) Spesielle driftsutgifter, nedsettes med fra kr 96 467 000 til kr 88 467 000.....	8 000 000
414	01	Domsutgifter Driftsutgifter, forhøyes med fra kr 75 430 000 til kr 95 430 000.....	20 000 000
430	01	Kriminalomsorgens sentrale forvaltning (jf. kap. 3430) Driftsutgifter, forhøyes med fra kr 1 817 175 000 til kr 1 827 175 000.....	10 000 000
	60	Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv., <i>kan overføres</i> , nedsettes med fra kr 60 030 000 til kr 30 030 000	30 000 000
	70	Tilskudd, nedsettes med fra kr 12 056 000 til kr 11 056 000.....	1 000 000
440	01	Politidirektoratet - politi- og lensmannsetaten (jf. kap. 3440) Driftsutgifter, <i>kan nytties under kap. 441, post 01</i> , forhøyes med fra kr 6 578 250 000 til kr 6 623 750 000	45 500 000
	21	Spesielle driftsutgifter, nedsettes med fra kr 99 341 000 til kr 81 041 000.....	18 300 000
	22	Søk etter omkomne på havet, i innsjøer og vassdrag, <i>kan overføres</i> , nedset- tes med fra kr 7 644 000 til kr 5 644 000	2 000 000
450	01	Sivile vernepliktige (jf. kap. 3450) Driftsutgifter, forhøyes med fra kr 120 345 000 til kr 126 345 000.....	6 000 000
466	01	Særskilte straffesaksutgifter m.m. (jf. kap. 3466) Driftsutgifter, forhøyes med fra kr 582 870 000 til kr 612 870 000.....	30 000 000
470	70	Fri rettshjelp (jf. kap. 3470) Fri sakførsel, forhøyes med fra kr 330 783 000 til kr 365 783 000.....	35 000 000
	71	Fritt rettsråd, forhøyes med fra kr 222 048 000 til kr 237 048 000.....	15 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
471		Statens erstatningsansvar	
	70	Erstatning til voldsofre, <i>overslagsbevilgning</i> , forhøyes med fra kr 79 783 000 til kr 104 783 000	25 000 000
	71	Erstatningsansvar m.m., <i>overslagsbevilgning</i> , forhøyes med fra kr 77 426 000 til kr 92 426 000	15 000 000
(NY)	73	Erstatning til etterlatte etter de omkomne i «Utvik seniors» forlis, <i>kan overføres</i> , bevilges med.....	5 200 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3410		Rettsgebyr (jf. kap. 410)	
	01	Rettsgebyr, nedsettes med fra kr 1 429 568 000 til kr 1 349 568 000.....	80 000 000
	04	Lensmennenes gebyrinntekter, nedsettes med fra kr 340 742 000 til kr 323 542 000	17 200 000
3430		Kriminalomsorgens sentrale forvaltning (jf. kap. 430)	
	03	Andre inntekter, nedsettes med fra kr 21 604 000 til kr 17 204 000	4 400 000
3440		Politidirektoratet - Politi- og lensmannsetaten (jf. kap. 440)	
	01	Gebyrer, forhøyes med fra kr 410 040 000 til kr 460 040 000	50 000 000
	06	Gebyrer - utlendingssaker, nedsettes med fra kr 57 200 000 til kr 54 200 000	3 000 000
3450		Sivile vernepliktige, driftsinntekter (jf. kap. 450)	
	01	Inntekter av arbeid, forhøyes med fra kr 34 076 000 til kr 47 076 000	13 000 000

